

Under følger den mellombelse redaksjonskomiteen sitt første utkast til behandling av dei innkomne forslaga som er foreslått oversendt redaksjonskomiteen. Vi gjer oppmerksom på at dette er eit arbeidsutkast, og om du skulle finne feil i nummerering ber vi deg melde frå om dette.

Redaksjonskomiteens foreløpige innstilling:

Vil vedta utan endringar: 62, 68, 79, 83, 86, 89, 90, 91, 92, 150

Ivaretar heilt eller delvis forslag: 1, 2, 3, 4, 7, 8, 9, 10, 16, 17, 18, 19, 20, 21, 22, 27, 28, 30, 31, 32, 33, 34, 35, 36, 37, 38, 39, 40, 41, 42, 43, 44, 46, 47, 48, 49, 50, 51, 53, 54, 55, 56, 57, 58, 59, 60, 61, 63, 64, 65, 66, 67, 69, 71, 72, 74, 76, 78, 80, 81, 82, 84, 85, 87, 88, 93, 94, 95, 98, 100, 102, 107, 108, 110, 111, 112, 116, 117, 120, 122, 123, 124, 126, 127, 128, 129, 130, 132, 133, 134, 135, 136, 138, 139, 140, 141, 142, 143, 144, 145, 146, 147, 149, 152, 155, 156, 157, 158, 159, 160, 161, 162, 164, 165, 168, 169, 170, 171, 172, 174, 175, 176, 177, 180, 181, 182, 183, 184, 186, 255, 263, 264, 265, 267, 269, 270, 271, 273

Vil avvise forslag: 5, 13, 14, 45, 70, 73, 104, 166, 179, 185, 194, 197, 198, 268, 272

Vil oversende stortingsgruppa: 29, 96, 150, 197, 257

Vil oversende programkomiteen: 29, 97, 103, 110

Vil oversende Arbeiderpartiet i Bergen: 154

Forslag som vert foreslått oversendt til representantskapsmøte om NTP: 192, 193, 195, 196, 201, 202, 203, 204, 207, 215, 216, 217, 221, 222, 224, 228, 231, 232, 233, 234, 240, 241, 242, 243, 246, 248, 249, 251, 252, 253

Forslag om fylkesvegar vert foreslått oversendt fylkestingsgruppa: 199, 200, 205, 206, 208, 209, 210, 211, 212, 213, 214, 218, 219, 220, 223, 227, 229, 230, 235, 236, 237, 238, 239, 244, 245, 247, 250

Forslag redaksjonskomiteen ikkje har tatt endeleg stilling til: 11, 12, 15, 163, 166, 167, 173,

For ordens skyld opplyser vi om at følgende forslag ikkje er foreslått oversendt redaksjonskomiteen: 23-26, 52, 75, 77, 99, 101, 105, 106, 109, 113, 114, 115, 118, 119, 121, 125, 131, 137, 148, 151, 153, 178, 187-191, 199, 200, 225-227, 235, 254, 256, 258-262, 274-278

1 **Arbeid**

2 **RX Heile folket i arbeid – eit inkluderande arbeidsliv**

3 Ivaretar heilt eller delvis forslag: 1, 2, 3, 4, 7, 8, 9, 10

4 Avviser forslag: 5, 13, 14

5 Dei demografiske endringane i samfunnet føre med seg behov for å tenke nytt og nyskapande slik at
6 vi også i framtida får løyst oppgåvene i samfunnet. Det eksisterer ein arbeidskraftreserve i Noreg som
7 må mobiliserast. Tilknytning til arbeidslivet gir også positive effektar for enkeltmenneske. Ein vert
8 inkludert i sosiale miljø, aukar livsmeistring og skal løne seg økonomisk. Likevel vil det alltid vere slik
9 at nokre faktisk ikkje kan arbeide. Når ein kommer til det punktet at uføretrygd skal bereknast må
10 det sikrast at ikkje ein vert straffa økonomisk for å ha forsøkt å halde seg i arbeid så lenge som
11 mogleg. Om ein til dømes har forsøkt å arbeide i redusert stilling dei siste åra vert også
12 berekningsgrunnlaget urimeleg lågt sett opp mot innsats gjennom eit lengre arbeidsliv. Dette gir ikkje
13 eit insentiv som aukar arbeidsdeltaking, men vil heller ha motsett effekt. Mange av dei gode
14 løysingane på dei nemnte utfordringane finst allereie, men nokre er enno ikkje utvikla. Dei lokale
15 NAV-kontorene bør ha meir friheit til å utprøve nye lokale tiltak, og i større grad sjølve vurdere behov
16 for allereie eksisterande tiltak som til dømes AFT (arbeidsforberedande trening) etter eige skjønn.

17 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 18 • Prøve ut nye tiltak og etablere ordningar med sikte på å auke deltaking i arbeidslivet for alle
- 19 • Auke sysselsettinga blant menneske med utviklingshemming gjennom at offentlege anbod
- 20 prioriterer VTA/VTO-bedrifter der det er mogleg
- 21 • Syrgje for god oppfølging av tilsette i VTO (varig tilrettelagt arbeid i ordinær bedrift) og gi en
- 22 fast tilskotsats for oppfølginga
- 23 • Gjere tilrettelagt fagopplæring til ei nasjonal ordning
- 24 • Auke taket for kor mykje man kan tene utan at uføretrygda vert avkorta
- 25 • Sikre bedrifter og arbeidssøkande tilgang til effektiv og tilgjengeleg arbeidsformidling
- 26 • Gjennomføre tiltak som gjer det lettare for folk å få fleire barn og samstundes arbeide heiltid
- 27 • Modernisere sosialtenestelova og folketrygdlova med sikte på å forenkle ytingar
- 28 • Gå gjennom reglar for berekning av uføretrygd med mål om å få på plass ei meir rettferdig
- 29 ordning

30

31 **RX Bustad**

32 Ivaretar heilt eller delvis forslag: 18, 19, 20, 21, 22, 94

33 Vil avvise forslag: 16, 17

34 Noko av årsaka til at Noreg har utvikla seg til eit land med små forskjellar er den sosialdemokratiske
35 bustadpolitikken som har hatt som eit klart mål at folk skal eige sin eigen bustad. Når
36 marknadskreftene styrer fritt er det mange som ikkje har økonomisk moglegheit til å komme seg inn
37 på bustadmarknaden. Særleg utsett er menneske med varig låginntekt, einslege forsørgjarar og unge
38 i etableringsfasen.

39 I tråd med eldrereforma skal kommunane framover bygge fleire bustadar som er tilpassa at folk kan
40 bu trygt heime lengre. Det er heilt naudsynt at kommunane også settast økonomisk i stand til å
41 byggje disse bustadane i dag.

42 Stortinget skal behandle bustadmeldinga i løpet av dette året og vi har store forventningar om at
43 denne nyttast til å gjenreise husbanken til ein aktør som bidreg til at vi når våre bustadpolitiske mål
44 om trygge og gode bustadar til alle. Startlån er vårt viktigaste bustadpolitiske verkemiddel, og ramma
45 må aukast. Husbanken må også få i oppdrag å i større grad hjelpe kommunane med deira
46 bustadpolitiske arbeid. Bustadmeldinga må også sjå på ulike formar for bustadkjøpsordningar utover

47 dei leige-til-eige-modellane som finst i dag. Vi må også fornye husleigelova slik at rettane til
48 leigetakaren vert styrka. Bygging av studentbustadar er ein vinn-vinn-sak, ved at vi bidreg til trygge
49 og gode bustadforhold for studentane samstundes som det bidreg til å minske trykket i
50 bustadmarknaden.

51 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 52 • At husbanken si utlånsramma vert ytterlegare auka
- 53 • Styrke støtteordningar slik at kommunane kan byggje nok kommunale bustader
- 54 • Styrke ordninga med kommunale bustadstilskot til privatpersonar
- 55 • Det skal arbeidast for ei langsiktig ordning med investeringstilskot til kommunane, til
- 56 sjukeheimplassar og omsorgsbustadar.

57

58 **RX Helse**

59 Ivaretar heilt eller delvis forslag: 93, 95, 100, 102, 107, 108, 100, 112

60 Vil avvise forslag: 104

61 Foreslått sendt stortingsgruppa: 96, 197

62 Foreslått sendt programkomiteen: 97, 103, 110

63 **Kvinnehelse**

64 Prioritering av kvinnehelse er både god samfunnshelse og god samfunnsøkonomi. Det er utvitydig
65 slått fast at sjukdomar artar seg ulikt mellom kjønna og at det er naudsynt med auka fokus på
66 kvinnehelse i medisinsk forskning. Det vil teke tid for å endre etablerte strukturar i helseforskning og
67 tette kunnskapshola når det gjeld kvinnehelse. Vestland Arbeidarparti meiner difor det er naudsynt
68 at fokuset på kvinnehelse haldast oppe.

69 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 70 • Gi økonomisk insentiv til forskning på kvinnehelse og bruk av forskingsdyr som er hokjønn slik
- 71 at kunnskapshull tettes og ny kunnskap vert løfta frem.
- 72 • Opprette eit brukarutval for kvinnehelse for å sikre at kvinners medverknad i
- 73 avgjersleprosessar

74 **Svangerskap, fødsel, barsel**

75 Svangerskap, fødsel og barseltid kan føre med seg fysiske-, mentale- og/eller tannhelseproblem.
76 Dette kan igjen påverke barnets helse og utvikling. Vestland Arbeidarparti meiner det skal være ein
77 prioritert offentlig oppgåve å ivareta kvinnene som bringer frem neste generasjon.

78 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 79 • Styrke prioriteringa av helsetenester for mor etter fødsel.
- 80 • Gi alle nybakte mødrer tilbod om heimebesøk av jordmor og/eller helsesøster etter fødsel.
- 81 • Gi gravide gratis tannhelsetilbod i svangerskapsperioden og fram til og med uke seks etter
- 82 fødsel.

83 **Rusbehandling**

84 Rusavhengige er menneske som ofte sitter nedst ved bordet, om dei i det heile kjem inn i rommet.
85 Dette er menneske i vårt samfunn med ein sjukdom som avlar meir sjukdom. Rusavhengigheit fører
86 til store vanskar både for den det gjeld og for familien. Gode døgnbehandlingstilbod med
87 tilstrekkeleg kapasitet er av stor betydning, både samfunnsøkonomisk og personleg for dei det gjeld.

88 Regjeringa fjernet i 2023 ordninga med fritt behandlingsval, samtidig som man beheldt ordninga med
89 pasientanes rett til å velge behandlingsstad. Ordninga med fritt behandlingsval har i liten grad

90 oppnådd formålet om å få ned ventetidene eller gjort helsetjenesten mer effektiv. Samtidig har den
91 bidratt til å svekke de offentlige sykehusene. Dette var eit heilt rett grep slik at helseføretaka ikkje
92 blir tvungen til å betale for private tilbod når det allereie eksisterer eit offentleg tilbod. Med denne
93 endringa tar det offentlege tilbake styringa over eige budsjett. I kjølvatnet har fleire private og nokre
94 offentlege rusbehandlingstilbod vert stengd. Vestland Arbeidarparti forventar at regjeringa sikrar eit
95 trygt, tilgjengeleg og kompetent offentleg behandlingstilbod for rusavhengige slik at det etablerast
96 truverd i denne omlegginga.

97 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 98 • At avviklinga av godkjenningsordningen i fritt behandlingsvalg skal ikke medføre et dårligere
- 99 tilbud til pasientene
- 100 • Sikre god kapasitet i det offentlege rusbehandlingstilbodet
- 101 • Sikre at viktig kompetanse ikkje vert tapt i omlegging av rusbehandlingstilbodet

102

103 **RX Ein bærekraftig klima- og miljøpolitikk**

104 Ivaretar helt eller delvis forslag: 122, 123, 127, 128, 129, 130, 132, 133, 134, 135, 136, 138, 139, 140,
105 141, 142, 143, 144, 145, 146

106 **Grøn omstilling**

107 Arbeidarpartiet må i regjering og på Stortinget vise veg i det grønne skiftet. Gjennom Paris-avtalen har
108 Norge forplikta seg til betydelege kutt i klimagassutslepp. Klimaendringane er globale, men årsakene
109 og løysingane er lokale. Derfor skal klima vere ramma rundt all Arbeidarparti-politikk, også på
110 fylkesnivå.

111 Prosessindustrien i fylket må samarbeide med staten og fylkeskommunen for å utvikle miljøvenlege
112 produksjonsmetodar og sikre tilstrekkeleg fornybar energi. Elektrifisering av transport og industri
113 skapar eit behov for meir kraft, og utfordrar kapasiteten i straumnett. Energikommisjonen meiner
114 Norge treng 40TWh ny fornybar energi innan 2030, men prisauke på innsatsfaktorar og krig i Europa
115 har pressa utbyggingsprisar og rentekostnader betydeleg opp, som skapar stor usikkerheit om
116 framtidig lønsemd. Vestland fylke har gått føre i omstillinga mot eit nullutsleppssamfunn, men har
117 for små musklar i dette arbeidet.

118 For å nå Norge sine klimamål om å redusere utsleppa med minst 50% innan 2030 må prosjekt og
119 tiltak som bidreg til reduksjon i utslepp prioriterast. Samtidig må ein sørge for at det blir meir
120 positivitet til kraftutbygging. Å gi kommunar som set av areal til kraftproduksjon ekstra fortrinn vil
121 vere med å skape større vilje til å ofre areal. Vertskommunane for vasskraft må få meir att for den
122 verdiskapinga kraftproduksjonen og den planlagde effektaukinga står for. Konesjonskrafta har i
123 generasjonar vore ein kompensasjon for avstått areal til kraftutbygging. Prinsippet om at denne
124 kompensasjonen skal liggje att i lokalsamfunna må stå ved lag også i framtida.

125 Fylket har mange urørte naturområde med stort biologisk mangfald. Vestland Arbeidarparti er
126 forplikta til å verne om miljøet og jobbe for produksjon av energi med minst mogeleg naturinngrep.
127 Utbygging av ny kraftproduksjon i Vestland bør primært skje gjennom oppgradering og effektivisering
128 av eksisterande vasskraftverk og vindkraft på land, samt utbygging av havvind og solenergi. Bruk av
129 solenergi kan redusera behovet for nye kraftutbyggingar, senka straumprisar og styrka lokal
130 energiproduksjon, over heile landet.

131 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 132 • styrke Enova som verktøy i omstillingsarbeidet.
- 133 • arbeide for gunstige skattefordelar for næringsliv i omstilling.

- 134 • utvikle system og krav til forenkla klimarekneskap for bedrifter innan 2030, med tiltak for
135 bedrifter som fråviker nullutsleppsvisjon.
- 136 • styrke fylkeskommunane som utviklingsaktør i det grønne skiftet
- 137 • bygge ut fleire hurtigladestasjonar både i by og distrikt.
- 138 • styrke forskinga om omstillingsarbeidet, særleg Bjerknessenteret i Bergen med varig
139 finansiering
- 140 • ivareta naturmangfaldet i omstillingsarbeidet.
- 141 • At gjenbruk av plast i størst mogeleg grad løysast lokalt
- 142 • gå vekk frå «Fyrstemann til mølla»-prinsippet for tildeling av kraft.
- 143 • prioritere prosjekt som reduserer utslepp og bidreg til å nå klimamåla.
- 144 • prioritere prosjekt med samlokalisering av industri og kraftproduksjon.
- 145 • sikre at nye prosjekt får tildelt kraft og plass i nettet basert på samfunnsøkonomiske og
146 miljømessige nyttevurderingar.
- 147 • at prosessindustrien i Vestland fylke må gjennom utbetring av kraftnettet og auka
148 produksjon av elektrisk kraft, skal sikrast nok fornybar energi til den grønne omstillinga.
- 149 • at lokalsamfunn som stiller sine naturressursar til disposisjon for utbygging av kraft skal ha
150 fortrinn som sikrar at ein får meir att i form av lokal verdiskaping og aktivitet.
- 151 • innføre eit påbod om å installera solfangarar eller solceller på alle nye bygg og ved
152 omfattande reovering av bygg. Påbodet skal gjelda for offentlege bygg og næringsbygg med
153 grunnflate over 500kvm. Gode statlege tilskotsordningar gjennom Enova er ein føresetnad.
- 154 • at staten må stimulera og invitera norsk industri til å vera med på å utvikla havets bevegelse
155 til energiproduksjon. Døme her er å skape energiproduksjon i ope hav basert på den
156 velkjente kompensator teknologien som oljebransjen nyttar seg av.
- 157 • At skattesystemet innrettast slik at det blir investert både i anlegg som gjev ny produksjon
158 og i effektanlegg som kan balansere uregulerbar vindkraft og elvekraft.
- 159

160 **Naturkrisa**

161 NRK har dokumentert at det forsvinn 17 kvadratmeter natur i minuttet. Utviklinga går i feil retning
162 for naturen, og over år vil dette gje alvorlege samfunnsproblem. Det hastar med å få på plass
163 kraftfulle tiltak for ein betre og meir heilskapleg samfunnsplanlegging.

164 Kommunane sin økonomi må ikkje vere til hinder for å kunne treffe riktige vedtak kring bl.a.:
165 nedbygging av myr, forvaltning av skog, vern av t.d. gammelskog og regnskog, raudlista artar og
166 naturtypar, viktige kulturlandskap, handtering av overvatn, opning av bekkar o.l. Det må difor sikrast
167 meir statlege søkbare midlar slik at kommunane i sitt utviklingsarbeid kan treffe rette avgjerder, og
168 sikre tilstrekkeleg kartleggingsarbeid når det kjem til naturmangfald, klima og miljø. Kommunane må
169 også sikrast nok kunnskap og kartleggingskompetanse når det kjem til avgjerder kring bruk av natur
170 til utvikling av fornybar energi, marine verdiar og anna næring i sjø som t.d. oppdrett.

171 **Vestland Arbeiderparti vil:**

- 172 • opprette ein ordning med eit Miljøombud for å styrke arbeidet med å bevare naturen for
173 framtida og sikre at ingen artar eller naturtypar går tapt.
- 174 • legge til rette for sektorovergripande forvaltning av natur som gjer oss i stand til å følge opp
175 målene i naturavtalen, og herrunder vurdere å tilbakeføre ansvaret for plan- og
176 bygningsloven frå Kommunal- og distriktsdepartementet til Klima- og miljødepartementet.
177 og legge til rette for ein sektorovergripande forvaltning av natur som gjer oss i stand til å
178 følge opp måla i naturavtalen.
- 179 • sikra meir statlege midlar inn i kommunane sitt kartleggingsarbeid knytt til naturmangfald,
180 miljø og klima.
- 181 • arbeide for eit betre naturrekneskap, for å sikre naturvern av sårbare områder.
- 182 • arbeide for at fleire kommunale arealplanar er arealnøytrale

- 183 • gje kommunane fleire verkemiddel enn dei har i dag for å bevare naturareal.
184 • begrense hyttedefelt som krev enorme naturressursar.
185 • føre ein aktiv politikk for meir vern etter naturmangfoldloven
186 • styrka naturens rettssikkerhet.
187 • arbeide for å etablere eit internasjonalt havmiljøfond.
188 • at utmarkseiendommene som forvaltast av Opplysningsvesenets fond skal overførast til
189 Statskog for å sikre ein heilheitleg forvaltning av statens utmarkseiendommer som bygger på
190 kompetanse på natur- og viltforvaltning og garanterer allmennhetens tilgang til jakt, fiske og
191 friluftsliv.
192 • leggje til grunn for all transportplanlegging og utbygging at mobiliteten i 2050 er utan utslepp
193 og utan større arealbeslag enn i dag. Transportetatane sitt ansvar for å følge dette opp må
194 forankrast i lovgjevinga.

195

196 **RX Energi**

197 Ivaretar heilt eller delvis forslag: 27, 28, 30, 31, 32, 33, 34, 35, 36, 37, 38, 39, 40, 41, 42, 161

198 Oversende stortingsgruppen og programkomiteen: 29

199 **Energipolitisk uttale**

200 Å sikre en stabil og forutsigbar strømpris er sett på som viktig for både husholdningene og industrien

201 Tempoet i det grønne energiskiftet aukar og er eit resultat av at verden ynskjer at fornybar energi skal

202 erstatte fossil. Parisavtala som Norge har signert, er juridisk bindande og forpliktar medlemslanda å

203 hindre temperaturstigning over 2 grader. I dag er om lag 47 prosent av energien vi brukar fossil.

204 Tiltaket er å kutte utslepp av klimagassar og ambisjonen til Norge er å kutte 55 prosent av utsleppa

205 innan 2030.

206 Denne målsettinga er både ambisiøs og krevjande, særleg sidan Norge alt i dag har stort innslag av

207 fornybar energi med mykje vasskraft og etter kvart vindkraft på land. Meir utbygging av fornybar

208 kraft vil bety nye teknologiske løysingar med høgare kostnad og nedbygging av natur. Dette vil

209 utfordre både naturinteressene og kraftprisen vi er vande med i Norge.

210 Skal vi lukkast med å dekke behovet for ny fornybar kraft må vi gjere mange tiltak. Det siste tiltaket vi

211 gjer vil også vere det dyraste og utfordre naturinteressene mest. Energiøkonomisering må vere

212 førsteprioritet, den skånar for nye naturinngrep, men også her vil kvar kilowatt time bli dyrare for

213 kvart tiltak vi gjer. Vel vi dei dyraste løysingane vil også energiprisen bli høg.

214 Om vi skal får til meir utbygging fornybar av kraft må også vertskommunen sjå at ein får noko att for

215 å vere vertskap for utbygging. Nedbygging av natur har ein pris, også i dei lokalsamfunna utbygging

216 skjer. Då vasskraft vart bygd sikra ein både inntekter og kraft til distrikts-Noreg.

217 Ein straumpris som både næring og privatpersonar kan leve med er eit uttrykt mål i Arbeiderpartiet

218 sin energipolitikk. Rein fornybar kraft skal vere eit fellesskapsgode og eit konkurransefortrinn med

219 utlandet. Dette vil igjen trekke utanlandske investeringar til landet, ofte kraftkrevjande industri som

220 igjen aukar behovet for meir kraft.

221 Norge er tett knytt til Europa gjennom handelsavtalar. Straum er også ei vare som flyt mellom landa.

222 Utan straumkablar til våre naboland ville Norge måtte bygge om lag 40 twh for å sikre seg mot år

223 med lite nedbør. Ap meiner det framleis skal vere straumutveksling mellom land, men ambisjonen

224 vår er ikkje europeiske kraftprisar. Kraft skal vere eit konkurransefortrinn og kraft skal vere ei vare

225 som folk har råd til.

226 **Politisk kontroll**

227 Krafta i Norge er fellesskapet sin ressurs og skal også for framtida i hovudsak vere i offentleg eige.
228 Eigarskapet skal sikre at ressursen blir tilgjengeleg både i form av pris og eit nett som når ut til heile
229 landet.

230 Det er positivt at norske eigarar, særleg med innslag av offentleg eigarskap, viser interesse for
231 vindkraft på land. Arbeiderpartiet vil at fellesskapsressursen i størst mogleg grad skal vere eigd av
232 offentlege selskap. Dette gir utbygging av nye ressursar meir legitimitet. Vestland Ap meiner at også
233 statlege som Petoro bør ta ei meir aktiv rolle i å realisere meir fornybar energi.

234 Utanlandskablar er positivt for å sikre nok straum når det er knapt i Norge. Men prissmitte er ei
235 utfordring dersom vi skal sikre konkurransedyktige prisar til industrien og ei straumrekning til å leve
236 med for innbyggjarane våre. Difor meiner Vestland Ap at det var rett å stanse vidare arbeid med
237 Northconnect-kabelen mellom Norge og Skottland.

238 **Vestland Ap vil:**

- 239 • Sikre at kraftpris vert eit konkurransefortrinn i Norge ved å tilby næringslivet
- 240 langsiktige kraftavtalar
- 241 • Ha instrument som vil sikre innbyggjarane mot store utslag på straumrekninga til
- 242 dømes vidareføring av ein modifisert staustrøtteordning
- 243 • Utgreie handlingsrommet for mellomlandsforbindelsar innanfor EØS-avtala

245 **Verdiskaping må ligge att i kommunane**

246 Utbygging av ny fornybar kraft er tidvis konfliktfullt. Klima står ofte imot omsynet til
247 naturvern. Særleg har vindkraftturbinar skapt steile frontar om kor mykje natur ein skal ofre av
248 omsynet til klimakrisa. Dette har resultert i at kommunane har fått vetorett gjennom endring i plan-
249 og bygningslova i spørsmålet om bygging av nye vindkraftparker.

250 Lokal sjølvråderett i spørsmålet om vindkraftanlegg har vore konfliktdepande i striden om
251 etablering av ny kraft versus naturvern. Likevel er det viktig at det vert lagt intensiv til kommunane
252 for å ofre natur til kraftutbygging. Vasskraftregimet har vore omtykt og gir kommunane både
253 eigedomsskatt og konsesjonskraft. I tillegg har utbygging av fossefalla vore motivert av tilgang til
254 lokale arbeidsplassar. Det betyr både inntekter og lokal tilgang til delar av kraftproduksjonen.
255 Regimet rundt vindkraft har og blitt betre med produksjonsavgift i tillegg til eigedomsskatt.

256 Men det er framleis manglande ordningar for korleis ein til dømes skal få bygd ut større effektanlegg
257 som pumpekraftverk. Situasjonen i dag er at kommunane vil miste inntekter ved å tillate slike anlegg.
258 Dette må endrast om ein skal få til meir produksjon.

259 **Vestland Ap meiner derfor at:**

- 260 • Kommunane må sikrast ein større del av inntektene i byte natur. Særleg må regelverket inn
- 261 mot nye energiformer som pumpekraftverk og liknande etablerast.
- 262 • Lokale initiativ for å sikre straum til nær-industri må prioriterast

263 **Meir fornybar kraft**

264 Norge må bygge ut betydeleg meir fornybar kraft dersom vi skal få ned bruken av fossile
265 energikjelder. Det er og heilt naudsynt å produsere meir kraft dersom det er eit mål om å halde
266 kraftprisen nede. For å oppnå dette må vi sjå etter mange løysingar. Energiøkonomisering er det
267 viktigaste tiltaket, det er rimeleg, det skånar naturinngrep og forbrukar mindre byggemateriale. Vi
268 må også satse på vasskraft, vindkraft, solenergi, jordvarme og andre energikjelder som til saman kan
269 gje nok straum til ein fornuftig pris og til ein mest skånsam måte.

270 Atomkraft er lite nytta i Norge, med unntak av importert kraft. Fleire tek til orde for at dette må vi
271 satse på, den er fri for klimagassutslepp og fotavtrykket er vesentleg mindre enn frå vind- og
272 vasskraft. Ankepunktet er at atomkraft ikkje vil løyse energikrisa fram mot 2030, den har radioaktivt
273 avfall og den blir neppe billig. Det er liten grunn til å tru at norsk atomkraft vil vere rimelegare enn
274 den europeiske.

275 Norge har lang erfaring i å nytte havområdet til både matauk og energiutbygging. Olje- og
276 gassindustrien har levd side om side med fiskeria sidan Ekofisk i 1969. Havområda har enormt
277 potensiale for havvind utan at ein permanent bygger ned natur. Vestland Arbeidarparti ser stort
278 potensiale for både botnfast og flytande havvind både for å hente ut ny energi og bygge ei ny norsk
279 industrinæring. Det vil og vere naturleg at energiselskapa på sokkelen har eit ansvar for å realisere
280 dette raskt, gjerne i kombinasjon med elektrifisering av olje- og gassproduksjonen.

281 Det er også viktig at vi gjer lokale tiltak for å auke kraftproduksjonen. Enklare deling av lokal
282 produksjon innan til dømes eit industriområde, kan vere med på å stimulere til «handling lokalt» for
283 oppnå med enøk og ny kraft. I dette bildet må staten stille opp med nytt regelverk og ei storstilt
284 satsing på tilskot som kan utløyse ny produksjon eller sjølvforsyning. Dette vil igjen minke behovet
285 for nye kraftlinjer.

286 **Vestland Ap meiner:**

- 287 • Ein må bygge betydeleg med ny fornybar kraft for å nå klimamåla og behovet for nok kraft.
- 288 • Er open for å vurdere om kjernekraft som ein del av den langsiktige energimiksen, og er
289 positiv til ei nøytral utgreiing om kjernekraft i Noreg
- 290 • Vil ha ei kraftfull satsing på havvind med sterke insentiv for at oljeselskap tek ansvar for
291 elektrifisering av sokkelen.
- 292 • Auke satsinga på Enova-tilskot både for energiøkonomiseringa sin del, men også stimulere til
293 lokal produksjon.

294 **Kraftfullt nett**

295 I dag er Norge delt opp i fem prisområde som gir store forskjellar i prisen på straum. Hovudårsaken til
296 ulikskapen er dårleg overføringskapasitet mellom landsdelane. Særleg er sørlege dalar utsett for
297 høge prisar blant anna på grunn av utanlandskablane i området.

298 I delar av landet fører for liten nettkapasitet til at etablert industri ikkje får utvikle seg og nye initiativ
299 blir skrinlagt. Med eit stort behov for å bygge ut meir kraft i tillegg til at fossil næring skal bli grøn
300 næring, er det behov for enorme investeringar i nytt og meir nett.

301 Med gode rammeføresetnadar, rein fornybar kraft og ein relativt låg kraftpris er Norge eit ynda land
302 for å bygge kraftkrevjande industri. Dette skaper ytterlegare press på tilgjengeleg straum og behov
303 for nye kraftliner. Det gjev også ei utfordring kor ein må prioritere kven som får og ikkje får.

304 Statnett er den som tildeler straum. Skal vi ha politisk styring med kraftressursane må det kome
305 tydelege politiske prioriteringskriterier til Statnett. I dag er det førstemann til mølla. Med billig grøn
306 kraft vil behovet for meir kraft vere tilnærma uendeleg. Difor må vi utarbeide retningsliner for
307 prioriteringar.

308 **Vestland Ap vil:**

- 309 • Bygge eit transmisjonsnett som minkar forskjellane mellom prisområda
- 310 • Gje Statnett prioriteringsinstruks. Eksisterande industri må sikrast

311

312

313

314
315

RX Næring og landbruk:

316 Ivaretar heilt eller delvis forslag: 155, 157, 158, 165,

Næring

318 Arbeid til alle er jobb nummer éin og vår viktigaste oppgåve. Skal vi lukkast med den, må vi utvikle
319 våre eksisterande næringar og legge grunnlaget for nytt næringsliv og ny industri i heile fylket.

320 Det grønne skiftet og krav om kutt i klimautslepp krev nye løysingar. Næringslivet i vår region har synt
321 at dei på mange område er verdslaiande og evnar å utvikle ny teknologi som kan møte utfordringane
322 i framtida.

323 Skal Norge lukkast med det grønne skiftet og omlegginga til eit samfunn med 0-utslepp må Vestland
324 lukkast. Dei grønne hubane i Vestland må utviklast vidare og det må leggest til rette for at den
325 eksisterande industrien skal lukkast med omstillinga. For å få til dette er det viktig at samarbeidet
326 mellom styresmaktene og næringa er god, slik at ein får innretta rammevilkår på ein effektiv,
327 føreseieleg og god måte.

328 Det er viktig at verkemiddelapparatet til næringsføremål er rigga på ein slik måte at det dekkar både
329 eksisterande og nye næringskjeder. Grønt Industriløft 2.0 som regjeringa la fram hausten 2023 er ein
330 god start som svarar på mange av dei utfordringane me står overfor. Men det er viktig at ein utviklar
331 og utvidar denne satsinga, både med fleire midlar og ved å ta inn nye næringar i ordninga.

332 Skal me få til ny teknologi og ny industri med gode løysingar for det grønne skiftet, må
333 verkemiddelapparatet som Innovasjon Norge, Forskningsrådet, Enova, Nysnø og Investinor fungera
334 betre og samordnast betre med verkemidla som er tilgjengelege innan EU.

Vestland Ap vil:

- 336 • føre ein aktiv næringspolitikk, som legg til rette for eit nyskapande, kunnskapsbasert og
337 klimavenleg næringsliv.
- 338 • satse på dei unge ved å betre lærlingordninga og fagutdanninga. Industriproduksjon vil i
339 framtida vere kunnskapsbasert og vil stille krav til kontinuerleg etter- og vidareutdanning.
- 340 • ha konkurransedyktige rammevilkår som gjer det attraktivt å investere i norsk industri.
- 341 • auke bevillingane til Grønt Industriløft 2.0.
- 342 • utvide Grønt Industriløft 2.0 med fleire næringar.
- 343 • ha fokus på forvaltning av energiressursane slik at det i framtida vil vere grunnlag for
344 industriproduksjon i landet.

Landbruk

346 Vi treng eit sterkt vestlandslandbruk som produserer trygg og god mat. Dette er viktig for
347 mattryggleik, sjølvberging og berekraft. Landbruket gir arbeidsplassar i heile fylket og grunnlag for ei
348 rekke arbeidsplassar i næringsmiddelindustrien i distrikta. Frukt- og bær dyrking vil vere eit
349 satsingsområde for vår region fordi vi blir rekna for å vere Norge sin frukthage. Vestlandsskogbruket
350 er viktig for lokal verdiskaping og det grønne skiftet. Det må bli meir lønnsomt å produsere mat.

351 Sjølvforsyningsgrada må opp til 50%. Me må legge til rette for auka planteproduksjon, både til mat og
352 fôr. Det største potensialet for auka sjølvforsyningsgrad er å produsere meir norsk matkorn av
353 kvalitet. Mykje av kornet me produserer i Norge, går til dyrefôr. Meir og betre kornproduksjon vil
354 redusere importbehovet.

Vestland Ap vil

- 356 • Sikre vestlandsbonden gode rammevilkår og legge til rette for nye samarbeidsformer som
357 kan gi rekruttering og optimisme i jord- og skogbruksnæringa
358 • Auke sjølvforsyningsgrada til 50%
359 • Styrke lønnsenda for produksjon av jordbruksprodukt i Norge
360 • Sikre importvernet for norsk jordbruk
361 • Legge til rette for auka produksjon av matkorn

362

363 **RX Skatt og avgift**

364 Ivaretar heilt eller delvis forslag: 27, 48, 50, 51, 54, 55, 58, 129

365 Vil avvise forslag: 45

366 For at skattesystemet vårt skal oppretthalda høg tillit og oppslutning i befolkninga, må
367 skattesystemet vårt utformast på ein rettvís måte der dei ulike skattane, og konsekvensane av desse,
368 vert opplevt som rettmessige. Det er viktig med eit føreseieleg skattetrykk og gode, legitime
369 prosessar ved innføring eller endring av skattereglane.

370 Utforminga av skattesystemet er eit av dei viktigaste verkøya for å styre samfunnsutviklinga vår. I ei
371 tid med aukande forskjellar, omstilling knytt til det grønne skiftet, og eit aukande kraftunderskot, er
372 det derfor viktig at skattesystemet gjev tydelege retningslinjer og insentiv for den vidare
373 samfunnsutviklinga.

374 **Vestland Arbeidarparti vil derfor jobba for følgjande innom skattesystemet:**

- 375 • Formuesskatt:
- 376 • Botnfrådraget blir bevart som i dag
- 377 • Sekundærbustadar vert verdsett til marknadspris
- 378 • Formuesverdi for aksjar og næringsseigedom vert verdsett til 80% av marknadsverdi
- 379 • Inntektsskatt
- 380 • Marginalskatt for lønnsinntekt skal ikkje overstiga 50%
- 381 • Stimulering av sirkulærøkonomi mot det grønne skiftet:
- 382 • Utgreie moglegheiter for etablering av panteordningar for nye varegrupper
- 383 • Utjamning av forskjellar
- 384 • Utgreie skattefrådrag for husleigeutgifter på lik linje med renteutgifter.
- 385 • Eigedomsskatt
- 386 • Makstak for eigedomsskattegrunnlag for kraftanlegg ref. Eigedomsskattelova §8 B-1
- 387 fjerde ledd, vert fjerna
- 388 • Grunnrenteskatt skal ikkje komma til frådrag i eigedomsskattegrunnlaget for
- 389 kraftanlegg jf. Skattelova § 18-5.

390

391 **RX Kommuneøkonomi**

392 Ivaretar heilt eller delvis forslag: 38, 43, 44, 46, 47, 49, 53, 56, 57

393 **Inntektssystemet**

394 Inntektssystemutvalet har i den pågåande revisjonen av inntektssystemet for kommunane, fremja ei
395 rekke forslag til endringar innom inntektsutjamninga og utgiftsutjamninga mellom kommunane. Det
396 er viktig at arbeidet med revisjonen skapar eit omfordelende inntektssystem, som sikrar at alle
397 kommunar kan gi eit tilfredsstillande tenestetilbod for sine innbyggjarar, som samtidig er tilpassa dei
398 ulike kommunanes føresetnadar og behov.

399 Inntektssystemet må ta omsyn til dei reelle kostnadane for tenestetilbodet som vert ytt av
400 kommunane. I åra framover vil kommune-Noreg oppleve auka kostnadar knytt til ein stadig eldre
401 befolkning, noko som for dei råka kommunane både vil føra til redusert skatteinngang og auka behov

402 innom helse og omsorgstenestene. Vestland Arbeidarparti vil derfor peika på viktigheita av at
403 kommunesektoren er tilstrekkeleg finansiert og at det i samband med arbeidet om inntektssystemet
404 vert avdekka underfinansierte statleg initierte reformar.

405 Inntektssystemutvalet legg i sitt forslag fram at inntekter til vertskommunar knytt til kraftanlegg og
406 havbruk bør inngå i inntektsutjamninga mellom kommunane. I ei tid med aukande kraftmangel, og
407 eit stort behov for auka kraft- og effektutbygging. Vil ei slik endring i føresetnadane for
408 kraftutbygging ha svært negativ effekt for vertskommunanes insentiv for å tillata vidare utbygging og
409 utvikling av kraftanlegg. Dette vil igjen kunne forsinka det grønne skiftet og den storstilte omstillinga
410 norsk fastlandsøkonomi står framføre. Dei grunnleggjande prinsippa for kompensasjon til
411 vertskommunane må derfor oppretthaldast som i dag.

412 **Vestland Arbeidarparti vil arbeida for:**

- 413 • Eit omfordelende inntektssystem som tek omsyn til ulike kommunars føresetnadar og behov
- 414 • Ein tilstrekkeleg finansiert kommuneøkonomi
- 415 • Kompensasjon til vertskommunar for naturinngrep knytt til kraftanlegg og havbruk må liggje
- 416 fast som i dag.

417 **Kommunale gebyr vatn og avløp**

418 Utbygging og vedlikehald for vatn og avlaupsanlegg(VA) vert finansiert ut frå eit sjølvkostprinsipp, der
419 kostnadane vert betalt via kommunale gebyr av innbyggjarane i den gjeldande kommune. Det totale
420 VA-etterslepet i Noreg er berekna til ca. 400 milliardar kroner. Noko av dette er grunna auka krav til
421 tryggleik samt pålegg frå EU-direktiv, medan andre delar av etterslepet er grunna utsetting av
422 vedlikehald av anlegg i kommunane.

423 Statlege støtteordningar til VA vil vera å flytte finansiering frå den enskilde kommune til staten. Dette
424 vil igjen føra til at innbyggjarar i kommunar som allereie har gjort investeringar og over tid har hatt
425 høgare VA-avgifter enn innbyggjarar i kommunar som har skyvd på investeringane, indirekte må vera
426 med å betala for støtteordningane. Samstundes er det viktig å peike på at auka kostnadar knytt til
427 strengare pålegg frå EU-direktiv, råkar kommunane ulikt.

428 **Vestland Arbeidarparti vil derfor:**

- 429 • arbeida for at det vert gjennomført ei utgreiing for støtteordningar knytt til auka kostnadar
- 430 grunna pålegg i det kommande EU-direktivet om vann og avløp.
- 431 • vurdere støtteordningar, eksempelvis rentefrie lån, for store VA-investeringar

432

433 **RX Havbruk**

434 Ivaretar heilt eller delvis forslag: 156, 159, 162, 164, 168, 169, 170, 171, 172

435 Havbruksnæringa har dei siste 50 åra gått frå å vera ei attåttnæring for fiskarbønder til å bli Noregs
436 nest største eksportnæring. Veksten i næringa har skapt nye arbeidsplassar, høge skatteinntekter og
437 næringsutvikling i lokalsamfunna. Samstundes har næringa og den store veksten skapt store
438 utfordringar knytt til lakselus, fiskehelse, rømming og utslepp.

439 Vestland Arbeidarparti skal vera ein pådrivar for ei framtidsretta næring, som legg til rette for
440 berekraftig vekst kombinert med sterk reduksjon av miljøavtrykk for fjordane og kysten vår. For å få
441 til dette, må det leggjast til rette for tydelege insentivordningar som stimulerer næringa til å gå frå
442 tradisjonelle opne merdar, til teknologiske løysingar med eit lågare miljøavtrykk, som til dømes lukka
443 eller semi-lukka anlegg.

444 6. mars 2024 vart statusen til produksjonsområda for dei neste to åra i trafikklyssystemet
445 offentleggjort. Produksjonsområda 3(PO3, Karmøy til Sotra) og 4 (PO4, Nordhordland til Stadt), som
446 ligg i Vestland fylke, er i dag dei einaste produksjonsområda som har raud status.
447 Produksjonsområde med raud status kan få pålegg om å redusera sin produksjonskapasitet med 6
448 prosent. For PO3, som for andre gang får redusert produksjonskapasitet, er produksjonskapasiteten
449 derfor totalt redusert med 12%, medan for PO4, som for tredje gang får redusert
450 produksjonskapasitet, vert produksjonskapasiteten redusert med totalt 18%.

451 Nedtrekk i produksjon har alvorlege konsekvensar for arbeidsplassar både direkte og indirekte i
452 næringa. Den rammar også mange mindre samfunn hardt og små lokale selskap hardare enn dei
453 store som kan flytte produksjon. Difor må regelverket i trafikklyssystemet vere føreseieleg. Sidan
454 2017 har lusetalet gått ned med 42 prosent og faginstansane vurderte området som gult, med andre
455 ord har tiltaka bransjen har gjort hatt positiv effekt. Samstundes med at ny stortingsmelding om
456 trafikklyssystemet er på trappene meiner Vestland Ap at nedtrekket blir sett på vent.

457 For å sørge for ei betring av miljøavtrykket vil Vestland Arbeidarparti arbeida for eit pilotprosjekt for
458 bruk av teknologiske løysingar som semi-lukka og lukka anlegg i sjø. Pilotprosjektet må knyttast mot
459 Havforskningsinstituttet i Bergen, som ein uavhengig forskingsaktør. Prosjektet må vidare gje tydelege
460 insentiv for næringa til å gå over til teknologiske løysingar som vert målt etter berekraftmål innom
461 lakselus, fiskehelse, rømming og utslepp. Slike insentiv kan for eksempel vera
462 miljøfleksibilitetsordningar, der havbruk med tilfredsstillande teknologiske løysingar får tillating til
463 auka total MTB ved anlegga.

464 **Vestland Arbeidarparti vil arbeida for:**

- 465 • Berekraftig vekst innom havbruksnæringa i Vestland
- 466 • Etablering av pilotprosjekt for berekraftige teknologiske løysingar innom produksjonsområde
467 3 og 4.
- 468 • Lågare miljøavtrykk for havbruk,

469

470 **RX Gruvedrift**

471 Ivaretar heilt eller delvis forslag: 167, 173

472 For at verden skal gjennomføra det grønne skiftet er det eit stadig større behov for tilgang på ulike
473 råmateriale. Råmateriale som vert nytta til mellom anna mobiltelefonar, datamaskinar, vindturbinar,
474 elbilar og solceller. Samstundes er verdikjedene i verdssamfunnet sårbare og under stort press, noko
475 konsekvensane av Russlands krigserklæring mot Ukraina var ei påminning om. Det er derfor av stor
476 betydning at Noreg og allierte land sikrar trygge verdikjeder for sjeldne metall og råmateriale, og
477 aukar sjølvforsyningsgraden av desse. Dette vil krevje auka gruvedrift, også i Noreg.

478 Samstundes vil gruvedrift både på land og til havs innebera til dels store naturinngrep. Naturinngrep
479 som mange stadar vil vera irreversible. Det er derfor viktig at utvida gruvedrift vert gjort på grunnlag
480 av gode konsesjonsprosessar og grundige konsekvensutreiingar. Eventuell etablering av gruvedrift
481 på havbotnen må gå føre seg med stor grad av forsiktighet og må vera forankra i eit tilstrekkeleg
482 kunnskapsgrunnlag.

483 **Vestland Arbeidarparti vil arbeida for:**

- 484 • Grundige konsekvensutreiingar ved etablering eller utviding av gruveområde
- 485 • Auka støtte til uavhengige forskingsmiljø for forskning på gruvedrift på havbotnen

486

487

488

489 **RX Regjeringa må sikre avtale om føreseieleg og effektiv CO2-kompensasjon**

490 Ivaretar heilt eller delvis forslag: 42, 124, 126, 157, 160

491 Årsmøtet i Vestland Arbeidarparti ber regjeringa følge opp det viktige arbeidet som har blitt starta i
492 budsjettforliket i haust om rammevilkår for industriutvikling i Norge. Forliket sikrar at det no kjem på
493 plass ei semje om CO2-kompensasjonsordninga, som gir industrien føreseielege rammevilkår, og eit
494 effektivt vern mot CO2-prissmitte i kraftprisen.

495 CO2-kompensasjonsordninga er avgjerande for å sikre like konkurransevilkår for norsk industri. Sjølv
496 om norske industribedrifter bruker 100 % fornybar kraft, vert kraftprisen påverka av CO2-prissmitte
497 frå Europa. Det gjer at krafta vert vesentleg dyrare enn den elles ville vore.

498 Ifølge Statnett vil europeiske CO2-prisar om få år utgjere 40 % av norsk kraftpris. NVE seier at
499 europeiske CO2-prisar, saman med eit svekka norsk kraftoverskot, er dei viktigaste årsakene til at
500 kraftprisen vil auke i Norge fram mot 2030.

501 Det vil vere både dårleg industripolitikk og klimapolitikk, om CO2-prisar som er baka inn i prisen på
502 fornybar kraft, gjer at dei mest grønne industribedriftene i verda må kutte investeringar eller legge
503 ned.

504 Vestland Arbeiderparti viser til at IndustriEnergi, Fellesforbundet og Norsk Industri har lansert eit
505 forslag som inneber at deler av CO2-kompensasjonsordningen vert knytt til klima- og energitiltak i
506 industrien, slik Stortinget har bede om. Når fagrørsla og industrien kjem styresmaktene i møte i
507 dette spørsmålet, er det avgjerande at regjeringa no bidreg til å skape varig ro om dette svært
508 grunnleggande rammevilkåret for industrien.

509 Vestland Arbeidarparti legg til grunn at regjeringa bidreg til ei konstruktiv utforming av klima- og
510 energikoplinga i tråd med forslaget lansert av fagrørsla og industrien, og at partane kan einast om ein
511 avtale som gir industrien føreseielege vilkår.

512 Budsjettsemja gjer det mogeleg å skape ei langsiktig føreseieleg og effektiv CO2-
513 kompensasjonsordning, samstundes som midlane i ordninga kan bli brukt til å auke både tempo og
514 omfang av naudsynte klima- og energitiltak i industrien. Denne sjansen må regjeringa nytte.

515

516 **Vestland Arbeiderparti forventar at:**

- 517 • Regjeringa sin modell for ein klima- og energikobling følgjer forslaget som Norsk Industri,
518 Industri Energi og Fellesforbundet har lagt fram og som har brei støtte i LO, NHO og
519 industrikommunar.
- 520 • Regjeringa fører tilbake 500MNOK til ordninga som avtala i budsjett for 2024.
- 521 • At CO2-kompensasjonsordninga no vert føreseieleg og at regjeringa forpliktar seg til ikkje å
522 fremma ytterlegare kutt eller innstrammingar i ordninga fram til 2030
- 523 • vidareføra CO2-kompensasjonsordninga med minst 75% kompensasjon.
- 524 • At regjeringa arbeidar i Stortinget for å sikre brei semje om både modellen for klima- og
525 energikoblingen, og ein forpliktning om at CO2-kompensasjonsordninga skal vere føreseieleg.

526

527

528

529

530

531

532

533 **Rx: OPPVEKST OG KOMPETANSE**

534 Ivaretar heilt eller delvis forslag: 174, 175, 176, 177, 180, 181, 182, 183, 184, 186, 255, 263, 264,265,
535 267, 269, 270, 271, 273

536 Oversende stortingsgruppa: 257

537 Vil avvise: 179, 185, 268, 272

538 Arbeiderpartiet har som mål at alle barn skal kunne leike, lære og utvikle seg i trygge omgjevnader.
539 Barnehage, skule og SFO er viktige fellesarenaer som må vere tilgjengelege for alle barn på lik linje
540 med kulturtilbod, idrett og andre fritidsaktivitetar. Derfor må fellesskapet ha gode tilbud til alle barn
541 og unge, også dei som behov for ekstra hjelp og støtte.

542 Mange barn veks opp i familiar med utfordringar. Fellesskapet skal stille opp for familiar og barn som
543 treng det. Det er også viktig med tiltak for å stimulere til at fleire vel å få barn.

544 **Barnehage**

545 Bemanninga i barnehagen må vere tilstrekkeleg for å sikre pedagogisk kvalitet. I dag er
546 minimumsnorm at barnehagen skal ha minst ein tilsett per tre barn når barna er under tre år, og ein
547 tilsett per seks barn når barna er over tre år. Grunnbemanninga må gjelde for heile opningstida.

548 Barnehagelova seier at alle born skal ha eit godt psykososialt miljø. For å sikre at alle born får det,
549 trengs det nok personale som er observante og til stades heile dagen.

550 For få vaksne fører ofte til at pedagogane ikkje får nytta den avtalefesta plantida si. Plantida til
551 barnehagelærarane vert brukt til planlegging, dokumentasjon, vurdering og utvikling av arbeidet i
552 barnegruppa. Pedagogane må få tid til å utføre sine oppgåver utan at det går ut over
553 bemanningstettleiken.

554 Det er viktig å sikre at pedagogane i barnehagen får moglegheit til vidareutdanning gjennom vikar-
555 eller stipendordning. Når desse er i etter- eller vidareutdanning må ein sikre at ein opprettheld tal
556 tilsette som har direkte kontakt med barna i barnehagen.

557 **Skole- og utdanning**

558 Det er grunnskulen, den vidaregåande skulen og høgare akademisk- og yrkesfagleg utdanninga som
559 er grunnmuren for kompetanse i Noreg, men i ei verd som er i stadig endring og kor arbeidstakarane
560 kanskje må skifte jobb fleire gonger i livet, må vi også gje mogelegheita til å lære heile livet ved å ta
561 etter- og vidareutdanning i kombinasjon med arbeid. Med nye digitale læringsressursar og kunstig
562 intelligens er det også nødvendig å sjå på om dagens vurderings- og eksamensordningar må endrast.

563 Mangel på kvalifisert personell blir ei svært stor utfordring i heile kommune-Noreg i tiåra framover.
564 Vi lyt heile tida jakta nye løysingar på korleis vi skal oppretthalda tenestetilbod og løysa oppgåver.
565 Ved å setje fagarbeidaren høgt og sikra kvalifisering av folk inn i arbeidslivet, tek Arbeidarpartiet
566 ansvar for velferdsstaten og fellesskapet. Kommunane må ta sitt ansvar for å sikra nok kvalifisert
567 arbeidskraft slik privat næringsliv gjer i sine bransjar, og slik til dømes Kvinnherad og Alver kommunar
568 har gjort. Her har partane i arbeidslivet ei viktig rolle.

569 Dei vidaregåande skulane er viktige regionale utviklingsaktørar, og legg grunnlaget for vekst og
570 utvikling i heile regionen. Ein desentralisert skulestruktur og et variert programtilbod i samarbeid
571 med lokalt næringsliv og kommunar kan bidra til å sikre kompetanse og utvikling for framtida.

572 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 573 • sikre og fullfinansiere ei endring i barnehagelova slik at bemanningsnorma i barnehage gjeld
574 for heile opningstida

- 575 • Sikre eit godt vidaregåande opplæringstilbod for elevane i alle delar av fylket. Dette inneber
576 ein berekraftig balanse mellom ein desentralisert skulemodell og eit variert programtilbod
577 • nye digitale læringsressursar og kunstig intelligens gjer det nødvendig å sjå på om dagens
578 vurderings- og eksamensordningar må endrast.
579 • Arbeide mot kommunane for å sikre fleire læreplassar i offentleg sektor, særleg innanfor
580 velferdsyrka, og at det er samsvar mellom tilgjengelege læreplassar og skuleplassar. Det skal
581 talfestast eit minimum på 3 kommunale lærlingar per 1000 innbyggjar i kommunane og
582 fylkeskommunane.
583 • Arbeide for å styrke ordninga fagbrev på jobb og utvikle modellar for modulstrukturert
584 opplæring for vaksne
585 • Arbeide for at fleire fagarbeidarar kan ta bachelor- og masterutdanning gjennom Y-vegen.
586 Dette gjeld særleg innan helsefag og tekniske fag.

587

588 **RX KULTUR**

589 Ivaretar heilt eller delvis forslag: 147, 149, 152

590 Oversende Bergen: 154

591 Vedta og oversende stortingsgruppa: 150

592 Vestland har eit breitt og mangfaldig kulturliv, og uavhengig av kor ein bur skal alle ha eit godt kultur-
593 og idrettstilbod. Vestland er også ein viktig region for språkmangfald, mellom anna med sterke
594 nynorsktradisjonar og som heim til fleire dyktige forfattarar. Vi har eit nasjonalt ansvar for å styrke
595 nynorsken sin posisjon i Norge.

596 Bergen er motoren til kulturlivet i Vestland og den einaste byen som kan konkurrere om å vere den
597 andre kulturbyen i Norge etter Oslo. Bergen skal vere det andre kulturelle hovudpunktet i Norge,
598 med blikket retta utover landegrensene våre. Skal ein få til dette må blant anna skeivfordelingen av
599 kulturmidlar jamnast ut og Bergen få sin rettmessige del.

600 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 601 • Arbeide for å etablere besøksenter for nobelprisvinnar Jon Fosse i Strandebarm i Kvam
602 • Arbeide for å styrke dei store kulturinstitusjonane i Bergen frem mot Kulturbyåret 2036.
603 • Arbeide for at regjeringa prioriterer viktige kulturinstitusjonar utanfor hovudstaden i
604 kommande budsjett blant desse Kode, Bergen Filharmoniske Orkester og Bergen Nasjonale
605 Opera.

606

607 **RX Utanriks og forsvarspolitiske forslag**

608 Vedta utan endringar: 62, 68, 79, 83, 86, 89, 90, 91, 92

609 Vil avvise: 70, 73

610

611 **RX Stans krigshandlingane på Gazastripa**

612 Ivaretar heilt eller delvis forslag: 66, 67, 69, 71, 72, 74, 76, 78, 80, 81, 82, 84, 85, 87, 88

613 Vestland Arbeiderparti fordømmer Hamas sitt angrep på uskuldirte sivile den 7. oktober 2023.

614 Terrorhandlingar kan aldri forsvarast.

615 Ingen kan vere upåverka av det som no går føre seg på Gazastripa. Over 30 000 palestinarar er

616 drepne i Israels krigføring. Titusenvi er drivne på flukt, på eit areal som er mindre enn Stad

617 kommune. Gaza har vorte eit helvete på jord. Me er vitne til ei enorm humanitær krise, som Noreg er

618 forplikta til å gjere ein innsats for å stanse. Israels svar på terrorangrepet er uproporsjonal og i strid
619 med folkeretten.

620 Det hastar å få frem nødhjelp og innføre ei varig våpenkvile.

621 Som alltid i krig er det dei svakaste som betaler den høgaste prisen. Aldersgruppa øvst på
622 dødsstatistikken er 5-åringar. Barn skal gå i barnehage og på skule, og ikkje døy eller bli skadde i krig.
623 Noreg må ta tydeleg avstand fra krigshandlingar i folkesette område og jobbe for å styrkje plikta
624 verdssamfunnet har til å verne barn i krig.

625 Israel hindrar tilførsel av vatn, mat og medisinar til befolkninga på Gazastripa, noko som fører til
626 ytterlegare lidingar blant sivilbefolkninga. Behovet for nødhjelp er vorte prekært.
627 Verdenshelseorganisasjonen (WHO) melder at barn har døydd av matmangel nord i Gaza. Vatn,
628 elektrisitet og sement må kome inn for at øydelagt infrastruktur skal kunne reparerast. Noreg må
629 vere ei tydeleg stemme for at blokaden blir oppheva, og for at nødhjelpa kjem inn til dei som treng
630 ho.

631 *DISSENS – Foreløpig fleirtal: Brot på folkeretten må få konsekvensar. Noreg og andre vestlege land*
632 *må vere villige til å setje makt bak kravet til Israel om å få slutt på krigføringa.*

633 *Økonomiske sanksjonar mot Israel vil vere ein verknadsfull reaksjon. Derfor vil me jobbe for eit forbod*
634 *mot handel med varer og tenester som har opphav i dei okkuperte områda. Statens pensjonsfond*
635 *utland må selje seg ut av alle dei israelske selskapa, og alle selskap som bidreg til brot på folkeretten*
636 *og menneskerettane i dei okkuperte områda. Noreg bør gå i spissen for internasjonale sanksjonar*
637 *mot Israel så lenge den folkerettsstridige krigføringa held fram.*

638 *Foreløpig mindretal: Noreg bør halde fram med å jobbe med alle krefter som kan bidra til ei*
639 *våpenkvile. Me har ingen tradisjon for åleinegang i sanksjonsspørsmål. Ein einseitig norsk boikott mot*
640 *Israel vil ikkje ha nokon effekt. Tvert imot vil den kunne ha motsett effekt ved at Noreg ikkje lenger*
641 *kan oppretthalde dialog med begge partar i konflikta.*

642 Noreg bør forplikte seg til ein massiv humanitær hjelpepakke og til å bidra til gjenoppbygginga av
643 Gaza i åra framover. Folkeretten og rett palestinarane har til sjølvstyre må liggje til grunn for alle
644 politiske prosessar. Noreg bør fordømme og arbeide mot folkerettsstridige busetjingar på
645 Vestbreidda, auke støtta til UNRWAs humanitære arbeid i Gaza, og så snart som mogleg anerkjenne
646 Palestina som ein sjølvstendig stat.

647 Angrepa mot palestinarane er israelske styresmakter sitt ansvar åleine. Arbeidarpartiet tek total og
648 utan atterhald, avstand frå all antisemittisme og rasisme. Situasjonen i Midtausten stiller oss på
649 prøve, og me må sikre at verdiane og prinsippa for folkeretten og menneskerettar vert varetekne.

650 Arbeiderpartiet har lang tradisjon for å stå saman med undertrykte folk. Solidariteten vår stoppar
651 ikkje ved landegrensene. Arbeidarpartiet har alltid kjempa for fridom og likeverd for alle. Dette er
652 verdiar me må stå opp for, og det er på høg tid at me følgjer opp med handling.

653 **Vestland Arbeidarparti:**

- 654 • Fordømmer Israel sin invasjon, okkupasjon, og blokade av Gazastripa.
- 655 • Vil at Noreg skal fordømme Israel si krigføring og brot på folkeretten og jobbe aktivt for å få
- 656 på plass ei varig våpenkvile.
- 657 • Vil at Noreg forpliktar seg til ein massiv humanitær hjelpepakke og til å bidra til
- 658 gjenoppbygginga av Gaza.
- 659 • Held fast på målet om en tostatsløsning og vil at Noreg så snart som mogleg anerkjenner
- 660 Palestina som ein sjølvstendig stat.

661 *DISSENS – Foreløpig flertall:*

- 662 • *Vil jobbe for eit lovfesta forbod mot handel med varer og tenester produsert på ulovleg*
663 *okkupert jord, og frå selskap som medverkar til brot på folkeretten og menneskerettar i*
664 *ulovleg okkuperte område.*
665 • *Vil at oljefondet sel seg ut av alle dei israelske selskapa, og alle selskap som bidreg til brot på*
666 *folkeretten og menneskerettane i dei okkuperte område.*
667 • *Meiner at Noreg bør gå i spissen for internasjonale sanksjonar mot Israel så lenge den*
668 *folkerettsstridige krigføringa held fram.*

669
670
671

RX Sikre rettane til papirlause og einslege mindreårige asylsøkjjarar

672 Ivaretar heilt eller delvis forslag: 59, 60, 61, 63, 64, 65

673 Det er vanskeleg å talfeste nøyaktig kor mange papirlause flyktningar det er i Noreg, men Statistisk
674 Sentralbyrå estimerer at det er om lag 18 000 per i dag. Desse har fått endeleg avslag på søknad om
675 opphald i Noreg, og er ikkje ønska tilbake av myndighetene i heimlandet deira. Nokre av dei risikerer
676 å bli drepne dersom dei reiser tilbake til heimlandet sitt. Dei har ikkje rett til utdanning, å jobbe i
677 Noreg eller helsehjelp. Dei har 70 kroner dagen til livsopphald.

678 Å leve i ein slik limbo er øydeleggjande for den som blir utsett for det, og det er uverdig for eit
679 sosialdemokratisk, humant samfunn. Dette gjeld særleg for foreldre som får utvisningsvedtak, utan
680 at ein tek omsyn til dei alvorlege belastningane barna vert utsette for. Det er urimeleg å setje
681 "innvandringsregulerande omsyn" framfor dei djupt menneskelege omsyna det her er tale om.

682 Einslege barn og unge som kjem til Noreg og har begynt å slå rot, er integrert med vener og
683 aktivitetar i sine nærmiljø, har lært seg norsk og er i gang med skule med sikte på ei framtid her. Vi
684 må hindre at dei flyktar på nytt og forsvinn, med fare for å hamne i kriminelle miljø. Det er ikkje
685 rettsstaten verdig å sende sårbare unge ut når dei blir 18 år.

686 Vestland Ap vil sikre rettane til papirlause flyktningar og einslege mindreårige asylsøkjjarar og gje dei
687 ein sjanse til å skape eit verdig liv. Vestland fylke har gått føre i arbeidet for at papirlause flyktningar
688 skal få oppfylt sine grunnleggjande rettar. Fylkestinget medgir at «papirlause migrantar har
689 helseutfordringar og ikkje tilgang til grunnleggjande menneskerettar i Vestland og Noreg»
690 (PS103/2022). Papirlause står i eit utanforskap, med mykje menneskeleg lidning og usikkerheit.
691 Helsesenteret for papirlause migrantar og andre gjer uvurderlig hjelp, men staten har eit sjølvstendig
692 ansvar for å sikre at menneskerettane blir respektert og etterlevd. I dag er staten si regulering ei
693 direkte årsak til uverdige livsforhold.

Vestland Arbeidarparti:

- 695 • vil at papirlause flyktningar skal få gratis helsehjelp, og moglegheit til å gå på norskkurs og til
696 å skaffe seg ein jobb.
697 • mener at omsynet til barnets beste skal kunne gis avgjerenda tyngde i utvisingssaker
698 • krev varig opphald for einslege mindreårige asylsøkjjarar og vil greie ut amnesti for
699 ureturnerbare langtidsbuande vaksne asylsøkjjarar
700 • vil at dagens unntaksreglar i forskriftene til Pasient- og brukerrettighetslova,
701 Sosialtenestelova og Utlendingslova vert revidert for å sikre bestemmelsar som tilfredsstillar
702 menneskerettslege krav.

703
704

RX Vald i nære relasjonar

705 Ivaretar heilt eller delvis forslag: 98, 111, 116, 117, 120

706 Vald i nære relasjonar er eit stort samfunnsproblem. Mellom 1992 til 2021 hadde meir enn 100 000
707 personar i Noreg opphald på kriesenter. Kriesentera får 20 000 førespurnadar årleg. Partnardrap

708 utgjør eitt av fire drap i Noreg, og i 7 av 10 tilfelle er det registrert vald mellom partnarar i forkant.
709 Antall innkomande samtalar til valds- og overgrepstelefonar er også blitt dobla. Ei samfunnsanalyse
710 rekna at vald i nære relasjonar kosta samfunnet 92,7 milliardar kroner i 2021, sjå Prop 36 S. (2023-
711 2024) s. 9.

712 Den største kostnaden ber likevel dei som er utsette for vald og deira pårørande. Kjønnbasert vald
713 er ei urett som rammer kvinner og jenter i langt større grad enn menn og gutar. Det er eit hinder for
714 utvikling, likestilling og integrering. Dei som lever i frykt for vald og overgrep, kan ikkje delta fullt ut i
715 samfunnet eller leve gode liv. Kampen mot kjønnbasert vald er ikkje berre eit spørsmål om rettferd,
716 men også ein naudsynt føresetnad for å byggje eit samfunn basert på likeverd, tryggleik og respekt
717 for alle. Denne forma for vald tek mange former, inkludert fysiske, seksuelle og psykiske krenkingar,
718 og skjer både i det private og offentlege rom.

719 Vald i nære relasjonar har mange offer. Barn som er vitne til partnervald, kan få traumar resten av
720 livet. For barn kan det å vere vitne til vald mellom foreldre eller andre vaksne omsorgspersonar, ha
721 tilsvarende skadeverknad som det å bli direkte utsett for vald sjølv, sjå Meld. St. 15 (2012-2013).

722 Samfunnet må jobbe langs fleire spor for å møte problemet. Det førebyggjande arbeidet er tilpassa
723 tiltak og behandlingstilbod retta mot personar som står i fare for å utøve eller utøver vald. Vestland
724 Arbeidarparti meiner at meir ressursar må settast av til å hjelpe dei som utøver valden, til dømes
725 auka ressursar til sinnemeistring, åtferdsterapi m.m. I tillegg må det jobbast for auka forståing og
726 kunnskap i statlege organ om fenomen som negativ sosial kontroll, æresrelatert vald,
727 migrasjonsstress, flukterfaringar, tap av språk, tap av status og kjende referanserammer som
728 risikofaktorar.

729 Sidan domstolane i 2013 fekk heimel til å leggje såkalla "omvendt valdsalarm", har påtalemakta
730 bede om det i 232 saker. Det er blitt innvilga i berre 105 saker, altså i under 50% av tilfella. I 2022
731 kom Riksrevisjonen med alvorleg kritikk av myndigheitene sin innsats mot vald i nære relasjonar.
732 Vestland Arbeiderparti vil at omvendt valdsalarm må bli hovudtiltaket for menneske med
733 besøksforbod, og bør brukast i større omfang enn i dag. Påtalemakta si avgjerd om å legge
734 elektronisk kontroll skal som hovudregel bringast inn for domstolane for prøving.

735 Omvendt valdsalarm vil gje auka tryggleik til ofra og byrda for besøksforbodet bør vere lagt til dei
736 som vert ilagt besøksforbodet. Risikosituasjonen kan då verte avvega raskare av politiet ved brot.
737 Endringane er foreslått å gjelde frå 1. juli i år, men bør innførast så raskt som mogleg.

738 Saker om vald i nære relasjonar er av ulik karakter, og omfattar meir enn det ein tradisjonelt har sett
739 på som nær relasjon, innanfor «huset sine fire veggar». Det utfordrar både lovgeving, rettsvesen,
740 hjelpeapparat og likestillinga i samfunnet vårt. Det angår oss alle.

741 **Vestland Arbeidarparti:**

- 742 • vil og forsterke moglegheita påtalemakta har til å gjeve omvendt valdsalarm utan
- 743 forutgåande rettsleg kjennelse i tilfelle der det føreligg risiko for liv og helse.
- 744 • vil at det blir avsett fleire midlar til regjeringa sin opptappingsplan mot vald og overgrep mot
- 745 barn og vald i nære relasjonar for perioden 2024-2028 (Prop 36 S. (2023-2024)), med særskilt
- 746 fokus på spreiaing av RISK-modellen til fleire politidistrikt.
- 747 • vil at kommunar skal påleggjast å utarbeide handlingsplanar mot vald i nære relasjonar.
- 748 • vil ha ei reell styrking av krisesentertilboda.
- 749 • vil at kunnskap om og rutinar i tilknytning til risikofaktorar vert auka i alle offentlege etater
- 750 (NAV, barnevernstenesta, helsetenesta, skulevesen, politi, påtalemakta, domstol, mv)
- 751 • vil at lovreglar om avvergingsplikt blir gjort meir lettfattelege, for å m.a. unngå at
- 752 tausheitsplikt blir eit utilsikta hinder for å avverge vald i nære relasjonar og gjere naudsynte
- 753 inngrep.

- 754 • vil at meir ressursar vert sett av til å nå og hjelpe dei som utøver valden, for eksempel auka
755 ressursar til sinnemeistring, åtferdsterapi m.v., i samband med besøksforbod og andre
756 indikatorar på aggresjons- og valdsutøving.
- 757 • vil arbeide for å betre straffelova sine avgjerde om vald i nære relasjonar, særleg med tanke
758 på definisjonen av “nær relasjon”. Det bør ikkje vere eit kriterie å høyre til same husstand for
759 å vere i ein nær relasjon – dette fører til at til dømes kjærastepar som ikkje bur saman, og
760 æresrelatert vald, kan gå under radaren.
- 761 • vil arbeide for å senke terskelen for tiltak når valdsutsette søker hjelp.
- 762 • vil stimulere til meir forskning på motiva bak partnerdrap og arbeide for å auke kunnskap om
763 æresrelatert vald i minoritetsfamiliar.

764

765 **RX Samferdsel**

766 Etter tilråding frå styret i Vestland Arbeidarparti (VAP) vil alle samferdselsuttaler som ikkje
767 omhandlar fylkesvegar bli oversendt til eit eige representantskapsmøte med Nasjonal transportplan
768 (NTP) på dagsordenen. Den førebelse nedsette redaksjonskomiteen støttar dette.

769 Grunngevinga for dette er at regjeringa sin NTP blir, i motsetning til tidlegare NTP-ar, lagt fram midt i
770 ein stortingsperiode, og berre eit par dagar etter at VAP har hatt sitt årsmøte. NTP-en som blir lagt
771 frem er basert på samferdselsuttaler frå 2023. For å få realistiske diskusjonar om innspel til den
772 framlagde NTP-en, er det nyttig å ha innsikt i kva prosjekt som er føreslegne i NTP.

773 Det er eit tydeleg signal frå samferdselsministeren at regjeringa si NTP skal vere realistisk
774 handlingsplan for samferdsel. Dette vil igjen resultere i samferdselsmidlar allereie i 2025-budsjettet.

775 Representantskapsmøtet har fått ein tentativ dato 4. mai 2024.

776

777 Forslag som vert foreslått oversendt til representantskapsmøte om NTP: 192, 193, 195, 196, 201,
778 202, 203, 204, 207, 215, 216, 217, 221, 222, 224, 228, 231, 232, 233, 234, 240, 241, 242, 243, 246,
779 248, 249, 251, 252, 253

780 Forslag om fylkesvegar vert foreslått oversendt fylkestingsgruppa: 199, 200, 205, 206, 208, 209, 210,
781 211, 212, 213, 214, 218, 219, 220, 223, 227, 229, 230, 235, 236, 237, 238, 239, 244, 245, 247, 250

782 Forslag som vert foreslått avvist: 194, 197, 198

783